



Spar-løpet i fjor. Start yngste klasse.

**Våren har så vidt meldt sin anmarsj, og for løparar og trimmarar betyr det at terrengløpskarusellen nærmar seg. Den har vore arrangert dei tre føregåande åra, og tiltaket har vorte ein suksess. For kvart år har deltakartalet auka. Det inngår 4 løp fordelt på 5 arrangørlag i karusellen.**

Etter ein snøfattig vinter i 2014 med mange avlyste skirenn, tok skigruppa i UIL initiativet til å arrangera SPAR-løpet i staden for det avlyste SPAR-rennet. Ikkje lenge etterpå, same året, gjekk idrettslaga i Herøysund, Husnes og Uskedalen i saman om å starta Kvinnheradkarusellen i terrengløp. Etter den tid har karusellen levd sitt eige liv med litt varierende arrangørar. Dette året er det 5 arrangørlag, og det inngår 4 løp i karusellen. Det er Baroniløpet i Rosendal, 22.april(OIL/RT), SPAR-løpet i Uskedalen, 13.mai(UIL), Kvinnheradsmeisterskapet, Husnes, 24.mai(IL Trio) og Åkra-løpet, 3.juni(MIL). Dei som deltar i 3 av dei 4 løpa får den flotte terrengløpsstatuetten. I tillegg vert det varierende premiering i dei ulike løpa.

**Det er viktig at flest moglege melder seg på på førehand, innan kl.18 dagen før løpsdagen.** Då unngår ein ekstra venting under løpet. Påmelding skjer via UIL si heimeside. Der finn ein også meir informasjon. De kjem inn på sida ved å klikka [HER](#). Påmelding til Åkraløpet skjer på staden løpsdagen.

Karusellen har gjeve positive resultat. Deltakartalet har auka for kvart år. I SPAR-løpet her i Uskedalen deltok det i fjor heile 181 løparar. Det var 274 løparar som deltok i minst eitt av løpa. Eit anna positivt resultat opplevde ein i fjor då det tradisjonsrike Baroniløpet gjenoppstod i fjor etter mange års pause. Der vart deltakinga langt større enn arrangørane rekna med på førehand(140). Det er første løp i karusellen i år og går av stabelen første laurdagen etter påske.



[Her er dei yngste klar for Baroniløp.](#)

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døsland